



Eirik Sørensen
Vassvikvegen 62
5363 ÅGOTNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1325 - 18/13733

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
27.04.2018

Løyve til oppføring av anneks - gbnr 139/4 Tveiten nedre

Administrativt vedtak. Saknr: 195/18

Tiltakshavar: Eirik Sørensen
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

Tiltak

Saka gjeld søknad om riving av eksisterande anneks og oppføring av anneks med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 17,5 m² og bygd areal (BYA) ca. 23,5 m².

Det vert elles vist til søknad motteken 20.04.2018.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 20.04.2018 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplan for Knarvik- Alversund er definert som LNF.

Dispensasjon

Plan- og mijøutvalet i Lindås ga i møte 13.12.2017 dispensasjon frå LNF- føremålet og arealføremålet i sjø i kommunedelplanen Knarvik - Alversund 2007-2019 og byggjeforbodet i 100 meter beltet langs sjø, for oppføring av anneks.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Nabovarsel

De er gjeve fritak frå krav om nabovarsling.
Kommunen har tidlegare godkjent at nabovarsel kunne unnlates i samband med dispensasjonssaken.



Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 15.03.2018.

Vatn og avløp (VA)

Tiltaket påvirker ikkje forhold rundt vatn og avlaup.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Tiltakshavar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

VURDERING:**Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til sin funksjon, og dei naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-4 vert det gjeve løyve til riving av eksisterande anneks og oppføring av anneks på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 15.03.2018 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «18/1325»

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Byggverket må ikkje takast i bruk før ferdigattest ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Eirik Sørensen

Vassvikvegen 62 5363

ÅGOTNES